

---

Saksnr: 2026/29705-7  
Saksbehandlar: Ingunn Bårtvedt Skjerdal  
Dato: 23.06.2026

---

## Referat frå regionalt planforum 26.05.2026 - Vik kommune

**Vik kommune** - kommuneplanen arealdel  
5. mai 2026 kl 09.30.-11.30, digitalt på teams

Møteleiar Eva Katrine Taule

Referent: Ingunn B.. Skjerdal

### Deltakarar:

#### *Vik kommune*

---

Karen Weichert	Areal og samfunnsplanlegger
Espen Skjerven Holen	kommunalsjef Samfunn

#### *Statlege instansar*

---

Dag Endre Stedje	Statsforvaltaren
Eirik Brynjelsen	Statsforvaltaren
Sarah Kvåle Skouen	Statsforvaltaren
Maria Knagenhjelm	Statsforvaltaren
Thorbjørn Hasund	Statens vegvesen
Margit Sandem Fjellengen	NVE
Runa Gudmundsdottir Jonassen	Fiskeridirektoratet
Sølvi Johanne Hanssen	Kystverket

#### *Vestland fylkeskommune*

---

Eva Katrine Ritland Taule	NPI-PKA fagansvarleg kommunal plan
Ingunn Bårtvedt Skjerdal	NPI-PKA kommunekontakt
Marlene Sørli	NPI - NLR vassforvaltning
Elisabeth Aune	NPI-NLR akvakultur
Jomar Ragnhildstveit	NPI-NLR mineral
Inga Petronella Lindstrøm	KFO- kulturarv
Henriette Maria Hop Wendelbo	KFO
Janne Grønli	INV

#### *Observatørar*

---

Åsta Årøen	Politisk observatør
------------	---------------------

### Kommuneplanen sin arealdel

Utkast til planprogram og arealdelen kpa 2027-2038

### Orientering frå kommunen

#### Bakgrunn for ny revisjon:

Karen Weichert presenterte bakgrunnen for at Vik kommune no set i gang revisjon av kommuneplanen sin arealdel, berre kort tid etter at arealdelen vart vedteken i november 2024.

Hovudgrunnen er at den førre revisjonen vart gjennomført med ein gamal arealdel som utgangspunkt, og at den naudsynte systematiske oppryddinga berre kunne gjennomførast for nokre arealformål, men ikkje alle.

Kommunen ønskjer no å ta tak i dette.

#### **Planlagde hovudtema for revisjonen:**

Kommunen har lagt opp til ein avgrensa revisjon med følgjande hovudtema:

- **Bruk og vern av sjø og vassdrag**
- **Grønstruktur:** Alle grøntområde er no sett til «friområde» som ein mellombels løysing. Dette skal no gjennomgåast og gis rett underformål (til dømes friområde, blå-grøn struktur for overvasshandtering m.m.). Kommunen har utarbeidd ein rapport om grønstruktur og klimatilpassing som vedlegg til planprogrammet.
- **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:** Systematisk gjennomgang av samferdselslinjer og klassifisering i plankartet.

I tillegg systematisk gjennomgang av:

- Underformål Gravplass
- Arealformål Privat og offentlig tenesteyting
- Underformål Idrettsanlegg
- Underformål Boligbebyggelse/Fritidsbebyggelse i strandsona
- Diverse omsynssoner

Andre enkelttema:

- Sentrumsavgrensing - Den gjeldande sentrumsavgrensinga er gamal og ikkje tilstrekkeleg. Kommunen ønskjer å oppdatere denne.
- «Reindyking» av føresegnene - kommunen ønskjer å rydde opp og forenkle føresegnene, og ta ut tilvising til lover og sitat som blåser dei opp unødvendig.
- Oppfølging av planvask
- Mindre tekniske endringar og feilretting

**Bustad og fritidsbustad er ikkje hovudtema** i denne revisjonen, men det kan bli aktuelt med mindre oppryddingar i strandsona, særleg mellom Vik og Vangsnes.

#### **Kunnskapsgrunnlag som kommunen har identifisert:**

- Kartlegging og verdsetjing av friluftsområde (2019)
- Strandsonesvurdering (oppdatert 2021)
- Rapport om grønstruktur og klimatilpassing (ny)
- Rapport om planvask (under ferdigstilling)
- Kulturminneplan (frå 2000-talet, revisjon påbyrja men stoppa)
- Sti- og løypeplan
- Klimaprofil for Vestland og kanskje etter kvart Vik kommune
- Arealrekneskap frå Vestland fylkeskommune

#### **Problemstillingar kommunen ønskte å drøfte:**

- Er det aksept for ein avgrensa revisjon?
- Korleis handtere planlegging i sjøområda - bør kommunane rundt Sognefjorden samarbeide om ein interkommunal plan?
- Spørsmål om nasjonale forventningar og nye regionale planar undervegs i prosessen
- Sentrumsavgrensing - kva skal den brukast til og korleis bør ein gå fram?
- Kunnskapsgrunnlag og metodikk for KU og ROS - er valt metode god nok?

#### **Tilbakemeldingar og dialog**

*Møteleiar:* Ros til Vik kommune si systematiske tilnærming til revisjonen. Minner om plansystemet og at KPS som skal gi arealstrategiar for arealdelen. Sidan Vik no er i gang med begge revisjonane parallelt, er det viktig at kommunen er merksam på dette og jobbar parallelt med dei to prosessane - særleg med tanke på arealstrategiane.

Kommunen svarte at KPS med revidert arealstrategi skal vedtakast i løpet av 2026 og at hovuddelen av arbeidet med KPA kjem i 2027.

*NVE - uløyst motsegn førre plan?*

NVE var overraska over å bli kalla inn til oppstartsmøte for ny arealdel, sidan dei meinte dei frameis hadde ei uløyst motsegn til arealdelen frå 2023. Dei har heller ikkje mottatt vedteken plan frå Vik kommune. NVE har spørsmål til om kommunen hadde følgd opp NVE si motsegn knytt til arealformål for energianlegg, sidan dette spørsmålet er teke opp i planprogrammet.

Det er også andre instansar som ikkje har motteke vedteken plan, mellom andre Kystverket og Vestland fylkeskommune.

**Vik kommuna** beklaga dersom vedtaket ikkje er sendt, og opplyste at vedtaket vart sendt ut i desember 2024. Dette vil kommunen sjekke opp.

**Konklusjon:** Kommunen må sjekke opp utsendinga av vedteken plan til høyringspartar, og avklare med NVE om motsegna frå 2023 er løyst.

## Drøfting av problemstillingar

### Aksept for avgrensa revisjon og føringar i planprogrammet

*Statsforvaltaren:* generelt er ein delrevisjon kurrant når kommunen har ein relativt ny plan som grunnlag. Statlege planretningslinjer må ligge til grunn for arbeidet med arealdelen: SPR klima og energi og arealbruk og mobilitet. SPR gir konkretisering og forankrar evt. motsegn. Nasjonale forventningar gir breiare signal, men det er dei statlege planretningslinjene som gir konkrete bindande føringar.

I planprogrammet må det kome tydeleg fram kva som skal reviderast slik at kommunen kan bruke det som verktøy i den vidare prosessen med td silingskriterer for å kome fram til kva for område som skal vurderast med KU.

*Statsforvaltar landbruk* - planreserven på dyrka mark vart ikkje planvaska i førre revisjon. Tilrår at kommunen vurderer dei mest konfliktfylte områda på nytt, opp mot jordvern og naturmangfald, sjølv om det er ein avgrensa revisjon. Dette gjeld eit fåtal konkrete område, ikkje heile kommunen. Planvask bør vere tema også i denne revisjonen, sjølv om det er en avgrensa revisjon.

*Vik* kommunen tok ut store område i revisjonen i 2024, særleg bustad og fritidsbustad og meiner ytterlegare vurdering bør vente til neste revisjon. Kommunen planlegg å revidere arealdelen kvar kommunestyreperiode. Å ta med bustad/fritidsbustad som tema no, vil krevje ei full behovsvurdering og dermed undergrave heile prinsippet om avgrensa revisjon.

*VLFK plan:* Ta med arealregnskap og planreserve i planprogrammet, den delen er ikkje fylt ut enda. Der kan de synleggjere kva kommunen har gjort og kva kommunen planlegg å gjere vidare.

*Møteleiar:* Nye overordna føringar gjeld frå den dagen dei vert vedtekne. Minner om at VLFK jobbar med nye regionale planar som truleg vil bli vedtekne medan Vik kommune jobbar med planen. Kommunen må vere førebudd på å ta inn nye føringar undervegs.

Dei nyaste føringane må ligge til grunn, dersom kommunen ønsker å ha kontroll på prosessen

### Bør kommunane rundt Sognefjorden samle seg rundt ein interkommunal plan for sjøområda?

Vik kommune har vorte merksam på at arealformål i sjø er svært ulikt handtert i kommunane kring Sognefjorden. Dei ønskjer ei meir heilskapleg og samordna tilnærming.

*Møteleiar:* opplyste at det i arbeidet med regional plan for areal og mobilitet er føreslått at interkommunale planar er det regionale grepet for planlegging i sjø. Fylkeskommunen er i utgangspunktet positiv, sjølv om det ikkje er avklart korleis dei skal leggje til rette for dette.

*Statsforvaltar:* er generelt positiv til interkommunal plan for sjøareal. Det pågår verneprosess for Sognefjorden

*Maria Knagenhjelm frå statsforvaltaren* orienterte om den marine verneprosessen for Sognefjorden:

- Forslag til vern er lagt ut på høyring med frist 1. november 2026
- Vernegrensa er teikna med utgangspunkt i kommunale planar - areal avsett til anna bruk er i utgangspunktet ikkje inkludert
- Verneforskrifta vil regulere aktivitet som påverkar sjøbotn (dumping, mudring, graving)
- Akvakultur kan tillatast etter søknad dersom det ikkje strid mot verneformålet
- Statsforvaltaren ser fordelene av å ha eit verneområdestyre for Sognefjorden med lokal forvaltning og politikarar frå kommunane, slik det er gode erfaringar med på land for nasjonalparker og landskapsvernområde, men dette er noko som må spelast inn av høyringspartane i høyringsfasen.

- Forvaltningsplan vil bli utarbeidd etter eventuelt vedtak

*Kystverket*: veldig positive til interkommunale planer for sjøareal -

#### **Akvakultur: ta ut område eller halde på dei som ligg inne?**

*VLFK Akvakultur*: tilrådde at kommunen ikkje tek ut akvakulturareal, men heller regulerer bruken gjennom føresegnene - til dømes avgrense til lågtrofiske artar. Dette fordi teknologi kan endre seg og andre artar enn laks og torsk kan bli aktuelle.

*Statsforvaltar*: støtta dette, men peika på at verneforskrifta vil vere styrande for kva som er tillate. Det er likevel fornuftig å avgrense til lågtrofisk akvakultur for å unngå konflikt. KPA kan ikkje sette føringar for teknologi, men kan sette føringar på artar.

*Fiskeridirektoratet* minna om at akvakultur omfattar meir enn fisk, til dømes makroalgar. Det er viktig å inkludere næringa i planprosessen for å kartleggje eigna område.

*Kystverket* syner til at faglege råd frå Kystverket frå førre revisjon ikkje er følgt opp i planarbeidet, særleg knytt til akvakulturområde som kan vere i konflikt med sjøtrafikken. Kystverket publiserer ny rettleiar om arealbruk i sjø juni 2026.

*Vik*: tek med innspel og skal sjå på det, høyrest ut og som eit godt forslag for områda i Feios og Fresvik. For Arnafjorden er situasjonen annleis - der har utbyggingsinteressene falle bort på grunn av rasfare, og kommunen vurderer å ta desse areala ut.

*VLFK Akvakultur*: der det er rasfare - skal planlegge langt fram i tid, gjere merksam på at det er avgrensingar knytt til område.

#### **Område for massedeponi: Større fellesareal eller fleire mindre område? Plassering (miljøomsyn kontra transport/klima)? Medverknad?**

*VLFK mineral*: Ein ny nasjonal rettleiar kom i mars 2026. Hovudprinsippet er at overskotsmassar er ein ressurs som bør utnyttast høgast mogleg - til byggeråstoff eller arronderingsformål i jordbruket - dette er tiltak som er prioritert før evt. deponering. Kommunen bør kartleggje behov og sjå dette regionalt. Fylkeskommunen har eit masseforvaltningsforum for Vestland som kan vere til hjelp.

*Statens vegvesen*: det er bra at kommunen tenker ein heilskapleg på dette temaet. Transporten av massar vil verke inn på vegane i kommunen og det må vere eit kriterium å vurdere konsekvens for offentleg veg inkludert riksveg 13. Eit viktig stikkord er å fokusere på bruk av eksisterande avkøyrslar frå offentleg veg, konsekvensutgreiingskriteria for veg og trafikk, inkludert rv 13, må inngå.

*Statsforvaltaren* - tilrådde å sjå helheitleg på dette, jf. den nye rettleiaren om berekraftig massehandtering. Målet er ei berekraftig og sirkulær løysing. Konsekvensutgreiinga bør vurdere plassering opp mot nærmiljø, støy, barn og unge, forureining av vassdrag m.m.

*VLFK veg* - minte om omsyn til mjuke trafikantar, særleg skulebarn, ved val av trasear for massetransport.

*Statsforvaltar landbruk* - peika på at matjord bør takast vare på og brukast om att til jordbruksformål. Deponering av overskotsmassar under landbruksareal kan ha positiv effekt for landbruket. Han tilrådde at kommunen planfester deponiområde, slik andre kommunar har gjort.

#### **Sentrumsavgrensing. Råd for framgangsmåten?**

*VLFK plan*: Handelsføresegna for Sogn og Fjordane krev at kommuneplanar skal vise ei sentrumsavgrensing. Formålet er å styre handelslokaliseringa, styrke tettstaden og hindre spreidd handelsetablering. Tilrår å tenkje «innanifrå og ut» i arbeidet, og oppfordra til å omtale handel i arealdelen. Ta gjerne kontakt med fylkeskommunen ved konkrete spørsmål.

#### **Har kommunen valt rett kunnskapsgrunnlag og identifisert utgreiingsbehova rett?**

*VLFK kultur*: tilrår at KULA-rapporten (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse) vert nytta som kunnskapsgrunnlag. Det er fire slike KULA-område i Vik. Rapporten gir sårbarheitsvurderingar og forvaltningsråd for kvart område.

*VLFK plan*: Nasjonalt kart over grå areal kan også vere ei nyttig kunnskapsgrunnlag.

#### **KU/ROS: Kommunen er open for innspel til metodikk**

*VLFK plan*: KU-metoden frå førre revisjon er for svak på klima. Den er også svak på samla analyse av verknader - det er meir ei beskriving enn ein analyse.

*VLFK vassforvaltning*: Vassmiljø er eige tema, det er veldig positiv, oppfordra kommunen til å vurdere om tilrådde arealbruksendringar påverkar miljømålet for dei einskilde vassførekomstane, oppfordre til å ta kontakt med og ha dialog med vassområdekoordinator.

*Statsforvaltaren*: har ikkje sett på planprogrammet i detalj, men ønsker dialog om metodikk for KU og ROS i etterkant av møtet.

*VLFK kultur*: orienterte om at Riksantikvaren har utarbeidd ein ny metoderettleiar for risiko- og sårbarheitsanalyse av kulturmiljø, som kan nyttast som eit spesialverktøy til den ordinære ROS-analysen. Ho tilbød å delta i ei eventuell arbeidsgruppe.

#### **Andre merknader:**

##### *Omsynssoner i KPA*

*VLFK Kultur arkeologi*-åtvare mot å slå saman eller slette omsynssoner (H730) for automatisk freda kulturminne, då dette kan føre til utilsikta lovbrøt. Også små lokalitetar som gravhaugar skal vere synlege i plankartet. Fylkeskommunen understreka at sjølv i område utan utbyggingspress kan tiltak som landbruksveggar utløyse uventa inngrep dersom kulturminne ikkje er kartfesta. Det vart føreslått eit eige møte for å gå gjennom konkrete, problematiske område før høyring.

*Vik kommune* er misnøgd med detaljnivået på omsynssonene på kommuneplannivå, og viste til at Riksantikvarens rettleiar opnar for at kommunen kan gjere eit val basert på utbyggingspress og risiko.

Kommunen og fylkeskommunen sin kulturminneavdeling held dialog og vurderer eit eige møte.

##### *Samferdselslinjer i KPA*

SVV - samferdselslinjer - er det en planteknisk gjennomgang?

VIK - Ja det er det, spesielt dette med framtidig og noverande,

##### *Fiskeriinteresser og låssettingsplassar:*

Fiskeridirektoratet tilrådde at alle nye tiltak vert konsekvensvurdert opp mot fiskeriinteresser og marine ressursområde. Det er fleire låssettingsplassar som ikkje er avsett til fiskeformål i plankartet, tilrår at desse vert avsett til fiske sidan dei har særneigne arealbehov. Fiskeridata for kommunen er gamle, og fiskarar bør involverast i planprosessen for å kvalitetssikre kunnskapsgrunnlaget. Kontakt med Sør-Norges Fiskarlag vart tilrådd som utgangspunkt.

##### *Opprydding i føresegner*

VLFK plan: støtta ambisjonen om å rydde opp i føresegnene, men åtvare om at ein ikkje må ende opp med å lese tre dokument for å forstå verknaden av planen. Det må vere ei god balanse.

#### **Avslutning**

*Statsforvaltaren* stiller til dialog med Vik kommune om planprogrammet, når dei har fått sett nærare på det.

Vik: Vik kommune takka for mange nyttige innspel, men peika på at det ikkje er oppnådd ei felles forståing knytt til avgrensinga av revisjonen. Kommunen understreka at når planprogrammet fastset at eit tema ikkje skal vere del av revisjonen, kan ein ikkje seinare gjennomføre store endringar på det same temaet utan føregåande medverknad. Kommunen viste til erfaringa frå førre revisjon, der motsegner tvinga fram omfattande endringar i fjellområda - trass i at desse var haldne utanfor planprogrammet. Dette set kommunen i ein vanskeleg situasjon når revisjonen samstundes må avgrenast av omsyn til kapasitet og ressursar.

*Møteleiar*: kommunen har fått mange nyttige innspel, og oppmoda kommunen til å sjå nærare på jordvern og karbonrike areal, kommunen kan gjennom planprogrammet avgrense kva dei ønskjer å få innspel på frå innbygarane i planprosessen. Sjølv om overordna myndigheiter kjem med innspel på eige grunnlag.

Ønsker lykke til i planarbeidet

#### **Vedlegg**

- 1 Bestillingsskjema planforum VLFK
- 2 20260513\_Presentasjon\_planprogramutkast\_Regionalt\_planforum
- 3 20260513\_Planprogram\_KPA\_2027-2038\_utkast
- 4 Resultatdokument\_Grønstruktur og klimatilpassing i Vik kommune\_revisjon J03\_komp

